

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3862 - 15/4981

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
17.03.2015

HORDABØ SKULE - TILSYNSRAPPORT 2015

Den 03.03.15 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." ved Hordabø skule. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert. Rektor Hanne-Mari Engen møtte for verksemda.

Skulen vart godkjent etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." den 26.03.08.

➤ Tilsyn

Skulen er godkjent for ca. 105 elevar, og har i dag ca. 100 elevar.

• Avvik som vart påpeika

Under tilsynet vart det oppdaga nokre manglar i verksemda.

§ 4; Internkontroll. Ansvar

1. Rutinar for systemrevisjon manglar (rutinar for gjennomgang av IK).

§§ 6,7 og 13; Krav om godkjenning, Generelle krav og Reingjering og vedlikehald

2. Skulen manglar vedlikehaldsplan. Skulen skal ha rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald.

§ 13; Reingjering og vedlikehald

3. Det vert utført årleg hovudreingjering på skulen, men skriftleg dokumentasjon på dette manglar. Dette vart påpeika ved tilsyn i 2012.

4. Verksemda manglar rutinar for reingjering av filter i kjøkkenventilator i skulekjøkken. Dette vart nemnt som ei observasjon ved tilsyn i 2012.

§ 11; Måltid

5. Skulen utfører kontroll av temperatur på nokre kjøll og frys. Kontroll av temperatur må utførast på alle kjøll og frys i verksemda. Temperatur for kjøll skal vera -1 – 4°C og frys -18°C eller kaldare. Dette vart påpeika ved tilsyn i 2012.

§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap

6. Leikeplassutstyret og utstyr i gymnastikksal vert kontrollert jamleg, men verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på utført kontroll. Dette vart påpeika ved tilsyn i 2012.
7. Lause tau som er bunde fast i leikeapparat utgjer ei fare, og må fjernast.

§ 17; Smittevern

8. Skulen manglar dokumentasjon på legionellakontroll (dusjanlegg). Risikovurdering må utførast, og rutinar for å førebyggje vekst og spreing av legionella må utarbeidast.

§ 18; Røyking

9. Skulens ute- og inneområde skal vera tobakksfrie. Skulen skal gjennom sitt internkontrollsystem kunne dokumentere at reglar vert fylgt. Skulen manglar denne dokumentasjonen.

➤ Vedtak

- Avvik nr. 1, 2, 8 og 9 må rettast innan 15.05.15.
- Avvik nr. 4, 5 og 7 må rettast snarast og innan 15.04.15.
- Avvik nr. 3 og 6 må rettast ved neste hovudreingjering/kontroll.

I samband med pålegget viser ein til Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Med helsing

Marit Johnsen
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Radøy kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern – Lindås kommune.

Kopi til:

Jarle Landås
Helge Vallestad
Radøy kommune